

Sykkylven sokneråd

Møte i Sykkylven sokneråd 16.januar 2018 **Stad: Sykkylven kyrkje, kyrkjekjellaren kl. 19.30**

Til stades: Simen Myklebust, May L.H.Aurdal, Liv Hole, Monica Breivik Orre,
Torbjørn Støylen, Janne B.Svindseth,
Vararepr. Ole Petter Solnørdal og Per Bjørnar Tynes
Forfall : Bjørg Djupvik Grebstad, Knut Henning Aursnes

Vi hadde ein runde rundt bordet om forventningar for nytt arbeidsår.
Leiar May L.H.Aurdal las frå Jes.:»Sjå eg skaper noko nytt....»

Liv Fauske og Kirsti Zahl Urke, frå Søndagsskulen, kom innom som avtalt
og fortalte om arbeidet. Maxigjengen har utfordring med for få leiarar. Det er
særskilt menn/gutar som mangler.

Møtet fortsette kl. 20.25 med desse sakene:

Sak 01/18 Godkjenning av innkalling og sakliste
Innkalling og sakliste vart godkjent.


Sak 02/18 Godkjenning av referat frå møte 07.11.2017
Referatet vart godkjent.

Sak 03/18 Fungerande nestleiar
Nestleiar Bjørg Djupvik Grebstad har bede om permisjon grunna sjukdom i nær
familie. Vi treng nestleiar i hennar fråver.
*Vedtak: Torbjørn Støylen sa seg villig til å vere fungerande nestleiar i perioden
Bjørg Djupvik Grebstad er ute i permisjon.
Janne Svindset vert soknerådet sin KN representant og tek hand om
Fasteaksjonen i Bjørg Djupvik Grebstad sitt fråver.*

Sak 04/18 Årshjul 2018
Forslag til møteplan SR 2018:
Februar : 27. Rekneskap og årsmelding
Mars: 20. Diakoniplanen vert lagt fram
Årsmøte 18.mars etter Gudstenesta
April: 17.
Mai: 22.Plan for hausten
Juni: 12.Grillfest på Aursneset ?

Vedtak: Møteplanen for soknerådet vart vedteken.

Besøk av tilsette på soknerådsmøta. Vi ynskjer Anna Myklebust og Katrine
Numme med på møte den 27. februar. Kva skjer i deira fagfelt her i kyrkja.



Sykkylven sokneråd

Andre datoar:

Kurs ved Kirkens SOS: God å snakke med er 13.februar kl.19.00

Ein bør ha påmelding på dette kurset. Soknerådsmedlemar tek praktisk ansvar.

Medarbeiderfest for Sykkylven kyrkjelyd: 15.mars 2018. Vi ber staben om å planlegge programdelen. Soknerådet tek seg av det praktiske.

Vi ynskjer å invitere Hege Steinsland på dette arrangementet.

Tema for samlinga: «Korleis er det å vere medarbeider i Sykkylven kyrkjelyd ?»

Seniordag (tidligere Eldresdag) m/middag: 21. eller 28.oktober 2018

Kyrkjemesse siste helg i sept. ?

Sak 05/18 Offerliste 2018

Vedtak: Soknerådet har delegert oppsett av offerliste til sokneprest Simen M

Sak 06/18 Misjon (utsett til neste møte)

Møteplan SR: Neste møte 27.februar kl. 19.30

Referent: Torbjørn Støylen